



Advent – ei travel ventetid



Min troshistorie
Side 4-5



Konfirmantleir
Side 8



T-10 Tweens
Side 10

UTGJEVAR Fjell kyrkjelege fellesråd

Kyrkjeblad for Fjell kjem ut 6 gonger i året og kostar kr 200,- pr. år. For utanbygds: kr 250,-.

Bankgiro, Kyrkjebladet

8580.14.09461

Bankgiro, Fjell kyrkjelege fellesråd

8580.14.09453

Ansvarleg redaktør

Borghild Hustad Berge

Grafisk design

Apelthun House Ltd

Trykk

Molvik grafisk AS

Forsidebilde

T-dagsteamet

Kyrjekontoret

Postboks 184, 5342 Straume

Telefon

55 09 74 40

E-post

post.kyrkja@fjell.kommune.no

Besøksadresse

Tytebærbrekko 2, «Temahuset»

kyrkja.no/fjell

INNLEVERINGSFRIST

for annonser og kunngjeringar til neste utgåve av Fjell Kyrkjeblad: 15. jan.

Travel ventetid ...

So er ho her igjen, denne adventstida som vi kler i lilla og kvitt, mens vi spring rundt i butikkane i 24 dagar for å komme i hamn med alt som skal bli ferdig til jul. Puh. Det blir mest ei kjensle av stress.

Men adventstida skal vere ei tid til åndeleg førebuing. Då handlar det om det motsatte. Om å sakte ned farten, la roen senke seg, og tenke over kva som er viktigst i livet. Det er ei tid for å gi. Ei tid for å sjå med andre augo, på alle ting, og på kvarandre. Det er ei tid til å verdsette relasjonen til familie og venner. Ei tid for å reparere relasjonar. Og ei tid for å rekke ut ei hand til dei som fell utanfor det gode samfunn.

Julehøgtida er feiring av at Jesus, Guds son, kom til vår jord. Han kom for å reparere vår relasjon til vår Far i himmelen.

Og han kom for kvar enkelt av oss,



FORVENTNING: «Den som ventar på noko godt ... ventar ikkje forgjeves», heiter det i eit ordtak. Eit ekorn har dukka opp ved Sartor i år, og lyser i forventning ved Konglo. Foto: M.L. Apelthun

blir vi påminnt om i andakta på side 3.

Guds vegar er uransakelege. Han kallar oss til seg på så mange måtar. På side 4 og 5 kan du lese trushistoria til Renate Olsen i Brattholmen, som heilt uventa blei møtt av Guds kjærleik.

Dette fekk ho ikkje til å gå i hop, for ho var ein erklært ateist. Men det var ikkje noko hinder for Gud.

I dag sit Renate i soknerådet i Foldnes, og ho er miljøarbeidar på Basecamp på

Sartor Storsenter.

På side 7 så kan du lese om korleis du kan finne fram den gode julekjensla, med ro og ettertanke og fokus på juleevangeliet. Det blir både lysmesser og julekonsertar, og ikkje minst er det lagt opp til at vi syng jula inn i alle tre kyrkjene. Så då får vi vona at julefreden senker seg over land og folk også i år.

Vi ønsker våre lesarar ei velsigna julehøgtid og alt godt for det nye året.

AV MARGIT LILJAN APELTHUN

Sotra Reviderte

Vinter 2016

18. des. Deltakelse på «Syng jula inn» i Fjell kyrkje

Gruppe deltar på **2. g.tj. Julaften og 1. Juledag**

Vi skal øve inn salmer og sanger av Trygve Bjerkheim i jazz arrangementer av Olav Arne Steinkopf, «Bjerkheim-jazz», i løpet av vårsemesteret.

Forsangertjeneste i Fjell kyrkje én gang pr. mnd.

Vokalensemblot Sotra Reviderte
For alle som vil syngje i a-capellakor, tysdagar kl. 19.00-21.30.

Vil du vere med i Sotra Reviderte?
Ta kontakt med:
Styreleiar Jarle Hauge, 482 84 287
Dirigent Olav Sørheim, 926 15 988

Gamle Kyrkjeblad

Tusen takk for dei tre blada som har blitt levert til arkivet!

Kyrjekontoret i Fjell skal ha eit eksemplar av alle Fjell kyrkjeblad i arkivet. Vi manglar fortsatt følgjande kyrkjeblad, nummer og årstall:

Nr 1-90

Nr 4-07

Kan nokon hjelpe?

Blada kan leverast på Kyrjekontoret i Fjell eller kan sendast til Kyrjekontoret i Fjell, Postboks 184, 5342 Straume.

Med venleg helsing
Siren Nordbø, konsulent
Fjell kyrkjelege fellesråd

Bibeltimer i Landro kyrkje

Denne hausten har vi hatt ei rekke møter i Landro kyrkje med tema: Eit heilagt folk.

Den siste bibeltimen med Rune Richardsen, som har gjennomgått 1. Peters brev, er 30.11, og det siste møtet med tema blir den 14.12 med Rannveig Vik.

TEMA: EIT HEILAGT FOLK

Onsdag 30.11.16 Kl.19.30

Talar: Studentprest/høgskolelektor – NLA Rune Richardsen.
Bibeltekst: 1. Peters brev

Onsdag 14.12.16 Kl.19.30

Talar: Kateket Rannveig Vik

Så enkelt og stille ...

I skrivande stund har den klare kulda tatt over for det nydelige haustveret vi har gledd oss over dei siste vekene. Kulda minner oss på at vinteren er rett rundt hjørnet og at adventstida snart startar.

Advent er både ei ventetid og ei tid for forventning. Vi ventar på jula, og vi har forventning til kva den vil bringe med seg.

Mest av alt er denne ventetida ei tid til å førebu oss på å feire Jesus som kom til jord for vår skuld. Han som kom for kvar enkelt av oss.

Juleførebuingane vi kvart år gjer, er med på å korte ned ventetida fram til jul.

Husa som blir pynta, maten som blir laga og gåvane vi gjev kvarandre viser at det er fest. Jula er ei tid for å vise dei rundt oss at vi bryr oss om kvarandre. På den måten held vi fram jula sin bodskap om at Gud gav oss alt ved at Jesus kom til jord den fyrste julenatt, og at ein av følgjane av dette er at vi skal gjere godt mot kvarandre.

Jula sin viktigaste bodskap er at Gud sin grenselause kjærleik til oss menneske blir vist gjennom at Jesus blei fødd for vår skuld.

Orda frå Lukas evangeliet minner oss på dette:



Men han vart fødd i ein stall, og han blei lagd i ei krybbe. Han kom ikkje med pomp og prakt. Han kom som ein av oss. For oss alle. Ill.: Fjorårets julekrybbe i Landro kyrkje.

Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krybbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og

song: «Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!»

Gjennom desse orda kan vi sjå at jula sin bodskap viser Guds kjærleikshandling til alle menneske. Ei kjærleikshandling som er så mykje større enn vi kan forstå. Gud si avgjerd om å sende Jesus til jorda var hans redningsplan for oss menneske.

Så vart ikkje frelsarkongen, Jesus, født i et palass slik som hadde vore ein konge verdig. Men han vart fødd i ein stall, og han blei lagd i ei krybbe.

Han kom ikkje med pomp og prakt. Han kom som ein av oss. For oss alle.

Så enkelt og stille kom Gud til vår jord.

Så høyt er jeg elsket av Jesus, min bror.

Han kom fra Guds himmel, Gud selv var han lik, men Jesus ble fattig, og jeg er blitt rik.

Eg vonar at dette aller viktigaste skal få sette tonane for mi og di julefeiring i år.

Med ønskje om ei velsigna julehøgtid!

**Mildred Fjøren Heggernes,
Kateket**

innhald

- Side 4-5 Renate Olsens troshistorie
- Side 6 Trenger du skyss? Kommunen informerer
- Side 7 Vi syng jula inn
- Side 8 Den første konfirmantleiren
- Side 10-11 Trusopplæringsdagane



Renate Olsen var ateist – men så møtte

Hun var erklært ateist. Inntil for fire år siden. Da ble hun berørt av Guds kjærlighet. Det førte henne inn i en identitetskrise. Helt til hun måtte erkjenne: Jeg tror.

Renate Olsen vokste opp i Bergen vest, i et hjem hvor kristendom ikke var et tema. Selv om religion kunne være oppe til drøfting, var troen utenkelig.

I dag sitter Renate i soknerådet i Foldnes, og hun arbeider som miljøarbeider på Basecamp på Sartor Storsenter.

Søndagsskole og speider

Da Renate var liten gikk hun på søndagsskole. Det sitter igjen som et trygt og godt minne.

– Da jeg ble litt større begynte jeg i Speideren. Men da husker jeg at jeg nekta å be og synge salmer, fordi jeg var bevisst på at jeg ikke var kristen.

I konfirmasjonstiden leste Renate mye i Bibelen for å motbevise og motarbeide kristendommen.

– Jeg hadde en kristendoms lærer som hadde vært misjonær. Hun gav meg rom for å drøfte saker som jeg mente var problematisk for kristne. Mitt fokus var å overbevise henne om at kristendommen var feil.

– Vi hadde mange lange samtaler i lunsjpausene på skolen. Men jeg valgte å konfirmere meg human-etisk, som hadde en flott seremoni i Grieghallen. Jeg opplevde den human-etiske konfirmasjonsundervisningen som fin. Vi drøftet mye etikk og samfunnsengasjement, forteller Renate Olsen

Ung mor

Renate bor nå på Brattholmen med familien. Hun er utdannet omsorgsarbeider, og tar nå videreutdanning i rus og psykiatri. Hun ble tidlig mor og har tre barn.

– Jeg ble mor allerede en uke etter jeg fylte 19 år. Jeg hadde et sterkt ønske om å være en ung mor, så dette var godt planlagt. Jeg fikk barn nummer to da jeg var 21 år. I 2000 flyttet vi til Fjell.



Her ble yngstemann født da jeg var 30 år, forteller hun.

– Selv om jeg ikke trodde, valgte jeg å døpe mine barn, – for sikkerhets skyld. Jeg ville beskytte barna mot alt vondt, og det kjentes tryggest, sier hun.

Helsereise

I september for fire år siden dro hun på helsereise til Grand Canaria. Det var et tilbud til folk med ulike sykdommer, som psoriasis.

– Der skulle jeg være tre uker helt for meg selv. Det var første gang jeg var borte fra barna mine, så jeg følte meg helt alene, og litt ensom, selv om det var et flott opplegg og jeg fikk gode venner i gruppen.

– Vi hadde det fint og dro på ulike utflukter. Det var veldig populært å dra bort på den norske Sjømannskirken. Der fikk vi servert deilige vafler, og ikke minst Friele kaffe.

Var det Gud?

– En dag vi var på Sjømannskirken gikk jeg og en venninne inn i selve kirkerommet. Vi hadde snakket litt om utfordringer i våre liv. Vi var alene i rommet, og satte oss langt fra hverandre. Vi satt tause og lot roen senke seg.

– Det kom mange tanker frem. Det var uvant for meg å sitte i et kirkerom. Etter en stund fikk jeg en følelse av trygghet og ro – og jeg fornemmet et nærvær.

Det stod en bønnekrukke der.

– Jeg valgte å skrive en bønnelapp. Det var sterkt å formulere mine bekymringer i min første bønn for barna og familien.

– Da brast jeg i gråt. Min venninne gråt også. Og der satt vi og trøstet hverandre. Jeg opplevde et veldig sterkt møte i mitt hjerte, forteller Renate.

hun Guds kjærlighet



FORANDRING: – Da jeg kom hjem fra Grand Canaria, følte jeg at noe hadde skjedd med meg. Jeg hadde en ro og noe jeg ikke hadde ord for. Jeg kjente på en kjærlighet, forteller Renate Olsen.

Noe hadde skjedd

– Da jeg kom hjem fra reisen, følte jeg at noe hadde skjedd med meg. Jeg hadde en ro og noe jeg ikke hadde ord for. Jeg kjente på en kjærlighet, forteller Renate.

– Men jeg var en erklært ateist, og kom derfor i en identitetskrise.

– Jeg er interessert i arkitektur, kunst og interiør. Plutselig ble kirkekunsten veldig interessant. Jeg kjente meg sterkt tiltrukket av kirker. Om jeg var i byen i andre ærend, kunne jeg plutselig gå inn i en kirke. Der søkte jeg å finne roen, og prøvde meg på bønn.

– Jeg husker jeg syklet til Foldnes kirke flere kvelder, og der hadde jeg en prat med Gud. Jeg kunne spørre: Hva er det som trekker meg hit?

«Slapp bomben»

Etter en stund fant Renate ut at hun måtte snakke med sin samboer.

– Jeg var nervøs. Det var en krise for meg. Det var veldig tungt å komme ut og si at jeg var en kristen. Men så tok jeg mot til meg og «slapp bomben».

– Jeg har en raus mann. Og han tok meg på alvor. Han hadde merket at det hadde skjedd noe med meg. Han sa: «Jeg er ikke en kristen, men jeg definerer meg heller ikke som en ikke-kristen. Er dette bra for deg så gå for det», forteller Renate.

Sjokk og undring

– I familie og vennekrets var det noen som ble veldig sjokkert, siden jeg var erklært ateist. Og mange undret seg over dette. De lurte på hvor kristen jeg var blitt, om jeg var bare litt, eller om jeg var sånn veldig.

– Da jeg sa at jeg var omtrent midt på, pustet de lettet ut, for da var jeg ikke blitt helt gal, ler Renate.

– De har behov for å gradere, skjønner du. Jeg forstår det, for det hadde også jeg som ateist.

Regler

Noe av det første hennes omgangskrets spurte om, var hvilke regler hun nå måtte følge.

– Kan du røyke, snuse, drikke alkohol eller ha barn utenfor ekteskap? Det var spørsmål som kom opp. Jeg prøvde å forklare at det handlet ikke om regler, men at troen er et møte med Gud, sier Renate.

– Vi har jo selvfølgelig Bibelen som rettesnor og norm, men troen handler ikke om menneskeskapte regler.

– Det var veldig rart for min familie at jeg kunne bli kristen. De undret seg over at det ikke hadde vært noen påvirkning utenfra. Det var ingen som hadde «hanka» meg inn. De trodde det kanskje var en «fling» som ville gå over veldig snart, smiler hun.

– Mens noen følte at jeg endret meg veldig, syntes andre at jeg var meg selv, men med noe ekstra.

Frivillig

Etter en tid fikk Renate en sterk innskytelse om å melde seg til frivillig arbeid.

– Det opplevdes rart, for jeg har aldri kjent behov for noe slik før.

– Sønnen min gikk på Basecamp på Sartor, og jeg hadde hjerte for ungdom og ville engasjere meg.

Renate tok kontakt med daværende leder på Basecamp, Marianne, og sa at hun ville bli frivillig.

– Jeg hadde 80 prosent jobb, og fri hver tirsdag. Da kunne jeg være på Basecamp. Slik kom jeg inn i det arbeidet. Jeg kjenner en enorm kjærlighet for ungdom.

Jesus og Marianne

Basecamp-lederen ble en god samtalepartner for Renate.

– Det ble mange samtaler om tro, og Marianne ble en viktig hjelper til min åndelig vekst, sier hun.

– For Marianne var det helt naturlig å snakke om Jesus. Første gangen da hun nevnte Jesus, ble jeg litt svimmel. Hun sa siden at jeg hadde sett helt forskrekket ut. Jeg var ny i troen, og hadde vent meg til tanken på Gud – det kunne jeg tåle. Men Jesus – det ble litt voldsomt. Det med Jesus ble veldig personlig og intimt, minnes Renate.

Renate forteller at hun kunne tåle kristne sanger på engelsk, men norske kristne sanger ble for heftig.

– Jeg fikk en fantastisk god venninne i Marianne. Hun inviterte meg med til Foldnes kirke til en kveld med Bibel, bønn og lovsang. Der gikk jeg frem til nattverd for første gang. Det var sterkt.

Renate forteller at Marianne tok henne med flere steder.

– Vi dro inn til byen til frimenigheten Salt, og jeg reiste til Oase-stevnet sammen med Mariannes mor. Der fikk jeg en telt-venninne som var veldig fin. Hun lærte meg å sile.

– Jeg fikk møte ulike sider ved kristenlivet, og ulike måter å leve ut troen på. Slik ble jeg bedre kjent med min egen tro, forteller Renate.

Det vi tåler

– Gud møter oss i det vi tåler. Han har latt meg bli kjent med Ham på en langsom måte.

Forts. side 6

Forts. fra side 5

– Hadde jeg «sett Jesus» med en gang, så ville jeg trodd at det hadde «gått rundt» for meg. Det hadde jeg ikke tålt, sier Renate.

– Gud kom inn i mitt liv på et helt riktig tidspunkt. En i familien sliter veldig, og det har vært mange tøffe tak. Men jeg har funne styrke i Gud.

– Jeg er så glad for å ha Jesus i livet mitt. Og i møte med mennesker som sliter, spør jeg meg selv: Hva ville Jesus gjort? Om du har en bit av Gud i deg, så har du noe å gi til andre. Den ubetin-

gete kjærligheten, at Jesus gav sitt liv.

Renate finner frem et fint sitat som hun har delt på instagram:

«Jeg synes det er veldig vakkert når noen ber for deg uten at du vet om det ... Jeg tror det må være en av de dypeste og reneste former for kjærlighet som finnes.» (Ukjent)

– Selv de som ikke tror, forstår at dette er å ønske et menneske vel, sier Renate Olsen.

Foldnes kirke

Renate går til gudstjeneste i Foldnes kirke.

– I Foldnes så har vi et flott fellesskap, og jeg er blitt godt tatt vare på. Det er jeg og yngste gutten på 9 år som går i kirken. Han er også kristen, og går på Danielsen skole.

– Mens jeg føler jeg må være diplomatisk med min tro, så utfordrer han familien på en mer frimodig måte, smiler Renate Olsen.

AV MARGIT LILJAN APELTHUN,
tekst og foto

KOMMUNAL INFORMASJON

Treng du transport?

Da kan du – uansett kor du bur i Fjell kommune – vera med servicebussen til og frå Sartor Storsenter kvar torsdag. Bussane går til Straume i tida **09.30/10.30**, retur kl. **14.00**.

Pris kr 50 kvar veg. Ring Fjell Frivilligsentral, tlf. 55 09 69 29, kl.10.00-14.00, for å bestilla plass. Ring seinast onsdag! Bussane køyrer og i romjula, torsdag 29. desember.

Bestillingstransport – servicebuss

Eldre eller andre med behov for tilpassa transport som ønskjer å reisa kollektivt til Straume for handling og ærend, kan bestilla buss til og frå Sartor Storsenter.

- Ring Fjell Frivilligsentral, tlf. 55 09 69 29, kl.10.00-14.00, for å bestilla plass.
- Bestillinga må vera motteken innan onsdagar kl. 14.00. NB! Du kan be om å bli henta fast kvar torsdag. Da slepp du å ringja og bestilla plass på førehand, men må gi beskjed viss det er ein torsdag du ikkje vil/kan bruka bussen
- Du kan bli henta heime ved behov
- Gi beskjed om du treng handlehjelp på senteret
- Du kan få hjelp til å bera inn varene om du ønskjer det.

Pris kr 50 kvar veg. Du kan kjøpa klippekort á 10 reiser på bussen (kr 500 – helst bankkort). Det blir òg henting i romjula, torsdag 29. desember.



BESTILLINGSTRANSPORT

Servicebussane køyrer frå heile kommunen til Sartor Storsenter kvar torsdag.

Bestill bussplass hos Fjell Frivilligsentral kvardagar kl. 10-14. Du kan også bestilla handlehjelp!

Telefon: 55 09 69 29

e-post: frivillig@fjell.kommune.no



Det skjer i adventstida:

Lysmesse i Landro, Fjell og Foldnes

Dato: 4.12.2016

Tid: 18.00

Stad: Landro kyrkje, Fjell kyrkje, Foldnes kyrkje

Arrangør: Alle er hjerteleg velkomne til lysmesse saman med konfirmantane!

Adventskonsert - RAMP

Dato: 6.12.2016

Tid: 19.30

Stad: Foldnes kyrkje

Arrangør: RAMP

Semesteravslutning for RAMP | Solveig Mo m.fl. | Gratis

Ottesong ved Kulturskulekoret

Dato: 13.12.2016

Tid: 07.00

Stad: Foldnes kyrkje

Arrangør: Kulturskulekoret

Sjanger: Julemusikk / korsong

Julekonsert med Fjellkoret

Dato: 16.12.2016

Stad: Foldnes kyrkje

Arrangør: Fjellkoret

Julekonsert ved Fjell Brass

Dato: 18.12.2016

Stad: Fjell kyrkje

Arrangør: Fjell Brass

Julekonsert med Renate Ekerhovd og vener

Dato: 22.12.2016

Tid: 18.00

Stad: Fjell kyrkje



Adventsfest for ungdom

Vi har den store glede å invitere deg til Tweensklubben i Fjell kyrkje sin tradisjonelle adventsfest den 25. november og DU er hjertelig velkommen!

Vi kan love god mat (gi beskjed om du har matallergier/er vegetar), megabra underholdning og skikkelig stemningsfullt adventsfokus!

Festen er gratis, men vi trenger påmelding for å beregne mat, så vær rask med å melde deg på!

Har du kanskje lyst til å opptre med noe? Da kan du også melde deg på til Maria. Da håper vi å se akkurat DEG!

Hilsen fra lederne i Tweensklubben i Fjell kyrkje

ADVENTSFESTEN for tweensklubben i Fjell
25. november kl. 19.00-21.15 i Fjell kyrkje. Påmelding:
kyrkja.no/funk/tweensklubben/adventsfest

ADVENTSFESTEN for FUNK (ungdomsskole og oppover)
blir i Fjell kyrkje lørdag 10. desember kl. 18.00.
Påmelding på kyrkja.no/funk/adventsfest

Velkommen til nyttårskonsert
i Landro kyrkje

«Gjer døra høg,
gjer porten vid»

Torsdag 12. januar 2017
kl. 18.30

Medverkande: Trond Olsen,
Trygve Helleesen, Tina Indrevær
og Frode Vik, Irene Kinundi,
Manar Alhashemi m/fleire, og
lokale aktørar frå Landro kyrkje.

Bill kr. 100,- / fam. Kr. 200,-
Arr: Martha Landro og Eline Olsen

Vi syng jula inn

Medverkande:
Sotra Vest skulekorps
Nordre Fjell barne- og tweenskor
Juleprosjektkor
Lokale aktørar på song og instrument

Andakt ved Bjarte Nese
Julegløgg etter arrangementet
Kollekt

Velkommen til

Landro kyrkje
11. desember
kl 18.00



Fjell kyrkje
18. desember
kl 17.30

Medverkande: Fjell kyrkjebrass
Vokalensemblen Sotra Reviderte
Fjell kyrkjes barne- og tweenskor
Lukas

Andakt ved Terje Aannerød
Servering av julegløgg i kyrkjelydssalen
etter arrangementet i kyrkja.



Foldnes kyrkje
18. desember
kl 17.30

Medverkande: Solosong ved
Solveig Foldnes Dybsland,
trompet ved Hallvard Lyssand.
Julegløgg og pepperkaker etter
arrangementet.



Matgruppa.



Strålende konfirmantleir på Skjergardsheimen!

Helga 28.-30. oktober var 60 konfirmantar, ungdomsleiarar og vaksne samla til konfirmantleir.

Temaet for helga var LOVED – du er elska av Gud.

Det var ei flott helg med bra undervisning, masse sosialt,

morsomme leikar, Stratego, ulike aktivitetar, misjonstime, UngMesse og leirkveld med mykje gøy.

Ein av aktivitetane på laurdagen var ei fotogruppe, som tok mange flott bilete frå leiren.

Takk for ein strålende leir!

(Alle foto er tatt av fotogruppa på leiren).



Bladhjarte – hjarteblad.



Fotogruppa i aksjon.



Bordtennis.



Ut på tur i haustregn ...



Ungdomsleiarane.



... og jammen titta sola fram.



Populær klatre-vegg.



700 på HalloVenn-feiring

Også i år hadde nesten 700 små og store funne vegen til Ågotneshallen den 31. oktober.

Her vart HalloVenn arrangert for femte gong. Det er ei litt alternativ feiring av Halloween, der barna går med trivelege kostymer som ikkje skal skremme andre. Her var det ein minikonsert med

familien Sulebakk og barnekor, aktivitar og godteri for dei små.

Det vart ein veldig triveleg ettermiddag. Takk til alle som var med! Arrangørar: Metodistkirken på Sotra og Landro sokneråd.

AV BJARTE NESE

Vetle Karlsen Eide
leia Hallovenn i
kjent stil.

Julefest for store og små

Velkomen til kjempekjekk julefest for store og små, og dei midt i mellom!

Det blir mellom anna kaker, kaffi, underhaldning, song og juletrégang. Kor mange ringar blir det rundt grana denne gongen, mon tro?

Det går rykter om at kanskje dei tre vise menn stikk innom med søte gåver til dei minste? Eller har dei delegert ansvaret vidare til nissen i år? Moro blir det, i alle fall!



Bileta er frå julefesten i Foldnes i januar 2016. Fotograf: Astrid Aksnes Myskja

Fjell kyrkje: Laurdag 7. januar kl 16

Landro kyrkje: Laurdag 7. januar kl 16

Foldnes kyrkje: Søndag 8. januar kl 16



T 10 – Tweens

Tid og stad: Fjell Kyrkje, fredag 30. september

Program: Fullt hus og stormande jubel. Svisj, intervju, leikar, «Catch the flag», lagning av halloweenlykter og fruktspyd, ulike spel, andakt, quiz, kiosk og mykje meir.

Deltakarar: Totalt 120 born frå femte klasse og oppover. Omlag 40 av dei var «T10arar».



T3



Søndag 27. november kl 11 blir det **adventsgudsteneste** for heile familien i alle dei tre kyrkjene våre. Dei som er fødde i 2013 har fått spesiell invitasjon til denne dagen i posten, for dei skal få ei flott adventsbok i denne gudstenesta. Etter gudstenesta blir det deilig kyrkje-kaffi. Hjarteleg velkomen til store og små!



Velkomen på T-dagar

- Påmelding til og info om alle T-dagane finn du på www.t-dagen.no eller på tlf. 55 09 74 40. Spør etter Elisabeth, Kari eller Søgne.
- Vi er glade for tidlege påmeldingar, med tanke på grupper, leiarar og servering.
- Trusopplæringa i Fjell er for alle, uavhengig av funksjonsnivå. Ta kontakt ved særskilde behov.

Bli med på
T-dagar
2017



Fredag
3. februar
(planleggingsdag)

T9 i Foldnes kyrkje: «Godheit»

Søndag
12. februar:

T4: Utdeling av «Mi eiga kyrkjebok». Landro, Fjell og Foldnes kyrkje

Lørdag
25. mars:

T2: Påske. Landro, Fjell og Foldnes kyrkje

Fredag
31. mars

T13: Film og forsoning. Foldnes kyrkje

Lørdag
1. og søndag
2. april:

T15: Fasteaksjonen

Tysdag
25. april:

T5: Den gode gjetaren. Foldnes kyrkje

Tysdag
9. mai, onsdag
10. mai og torsdag
11. mai:

T6: Skulestart Foldnes, Landro og Fjell kyrkje

Laurdag
10. juni:
T16, 17, 18:

Sommarfest for ungdom, Foldnes kyrkje

T1 baby-song i kyrkja:

Ein måndag kvar månad

Informasjon og påmelding:
www.t-dagen.no eller
www.kyrkja.no/fjell

Med **himmel** over livet
og **føter** på Fjell





Dato Kyrkjeårsdag Kyrkje Kl. Gudsteneste Dåp/Nattv Prest Takkoffer

Fjell kyrkje



27.11.16	1.s. i advent	Fjell kyrkje	11:00	Familiiegudst.	Nattverd	Aannerød	Misjonsprosjekt Thailand/Mali
04.12.16	2.s. i advent	Fjell kyrkje	18:00	Lysmesse			Eige arbeid
11.12.16	3.s. i advent	Fjell kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp & Nattverd	Moe	Misjonsprosjekt Thailand/Mali
18.12.16	4.s. i advent	Fjell kyrkje	17:30	Vi syng jula inn		Aannerød	
24.12.16	Julaftan	Fjell kyrkje	14:30	Julaftensmesse		Aannerød	Kirkens nødhjelp
24.12.16	Julaftan	Fjell kyrkje	16:00	Julaftensmesse		Aannerød	Kirkens nødhjelp
25.12.16	Juledag	Fjell kyrkje	11:00	Gudstjeneste		Kopperud	Kirkelig dialogsenter Bergen
26.12.16	2. juledag	Fjell kyrkje	11:00	Gudstjeneste	Dåp & Nattverd	Aannerød	Bibelskolen Bildøy
01.01.17	Nyårsdag	Fjell kyrkje	12:00	Gudstjeneste	Nattverd		
08.01.17	Kr.openb.dag	Fjell kyrkje	11:00	Gudstjeneste	Nattverd		
15.01.17	2. s.i openb.tida	Fjell kyrkje	11:00	Gudstjeneste	Dåp & Nattverd		
22.01.17	3. s.i openb.tida	Fjell kyrkje	11:00	Gudstjeneste	Nattverd		
29.01.17	4. s.i openb.tida	Fjell kyrkje	11:00	Gudstjeneste	Dåp		

Foldnes kyrkje



27.11.16	1.s. i advent	Foldnes kyrkje	11:00	Familiiegudst	Dåp	Moe	Det norske Bibelselskap
04.12.16	2.s. i advent	Foldnes kyrkje	18:00	Lysmesse			Eige arbeid
11.12.16	3.s. i advent	Foldnes kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp & Nattverd	Aannerød	Misjonsprosjekt Mali
18.12.16	4.s. i advent	Foldnes kyrkje	17:30	Vi syng jula inn			
24.12.16	Julaftan	Foldnes kyrkje	14:30	Julaftensmesse		Moe	Kirkens nødhjelp
24.12.16	Julaftan	Foldnes kyrkje	16:00	Julaftensmesse		Moe	Kirkens nødhjelp
25.12.16	Juledag	Foldnes kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp & Nattverd	Nese	Bjørgvin KFUM/KFUK
31.12.16	Nyttårsaftan	Foldnes kyrkje	23:15	midnattsgudsteneste		Unneland	
08.01.17	Kr.openb.dag	Foldnes kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp		
15.01.17	2. s.i openb.tida	Foldnes kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattverd		
22.01.17	3. s.i openb.tida	Foldnes kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp & Nattverd		
29.01.17	4. s.i openb.tida	Foldnes kyrkje	19:00	BibelBønLovsang	Nattverd		

Landro kyrkje



27.11.16	1.s. i advent	Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp	Nese	Eige arbeid
04.12.16	2.s. i advent	Landro kyrkje	18:00	Lysmesse		Nese	Eige arbeid
11.12.16	3.s. i advent	Landro kyrkje	18:00	Vi syng jula inn			
18.12.16	4.s. i advent	Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp & Nattverd	Unneland	Misjonsprosjekt Thailand
24.12.16	Julaftan	Landro kyrkje	14:30	Julaftensmesse		Nese	Kirkens Nødhjelp
24.12.16	Julaftan	Landro kyrkje	16:00	Julaftensmesse		Nese	Kirkens Nødhjelp
25.12.16	Juledag	Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattverd	Moe	Eige arbeid
01.01.17	Nyårsdag	Landro kyrkje	12:00	Gudstjeneste	Nattverd		
08.01.17	Kr.openb.dag	Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattverd		
15.01.17	2. s.i openb.tida	Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp & Nattverd		
22.01.17	3. s.i openb.tida	Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattverd		
29.01.17	4. s.i openb.tida	Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp & Nattverd		

Døpte

Fjell kyrkje

02.10.2016

Sivert Agasøster Halleraker
 Juliana Algerøy Moreno
 Tilje Algrøy Glesnes
 William Bjertnes

23.10.2016

Liam André Sagstad Nilsen
 Melina Askeland Risholm
 William Nesse Ebbesvik
 Tale Sangolt

13.11.16

Sander Bjelland
 Ole Henning Einarsen-Lundekvam
 Celina Runderheim Sælemyr
 Alexander Nesse Sævareid
 Andrea Strømsnes Torsvik

Foldnes kyrkje

02.10.2016

Aksel Kvamsdal Kristoffersen
 Nikoline Wollen Birkelund
 Vanessa Fugleberg Vigsø

09.10.2016

Ingrid Sandal
 Herman Skaga
 Ylva Sæther Hveding
 Amalie Marthinsen Grøgaard

Landro kyrkje

16.10.2016

Angelica Eide Søvik
 William Eide Søvik

30.10.2016

Brage Rong Varpe
 Maja Eliin Larsen Teisbo
 Mina Hovland Espetvedt
 Colin Lundøy Guleng

13.11.16

Tuva Torsvik Lie



Vigde

Fjell kyrkje

15.10.2016

Marianne Arefjord Skumsnes og
 Erlend David Sæle

15.10.2016

Bente Julie Altmann Larsen og
 Erling Lie

Foldnes kyrkje

22.10.2016

Anniken Rathem og Jan-Trygve
 Borlaug

Døde

Fjell sokn

Nils Elias Knappskog	f. 1941
Roger Thune	f. 1975
Chris André Linevik Aasen	f. 1988
Anna Kristina Bjørøy	f. 1925
Alf Monrad Kolltveit	f. 1920

Foldnes sokn

Kirsten Margrete Larsen	f. 1939
Nora Johanne Arefjord	f. 1932
Anna Olaus Mikalsen	f. 1939
Elin Espedal	f. 1951
Arthur Mikal Bildøy	f. 1923

Landro sokn

Øystein Harkestad	f. 1940
Kåre Magnar Landro	f. 1943
Margit Lilly Emelie Solsvik	f. 1922

VI TRENGER
FRIVILLIGE.

Les mer og meld din interesse på
kirkens-sos.no



RENSEANLEGG

**Har du fått pålegg om oppgradering?
Vi har godkjente minirensesanlegg**

Kontakt:
August Norge AS
Avd. Vestlandet
Tlf: 949 70 680
Mail: svein@augustnorge.no




Ta kontakt for en uforpliktende befaring!
www.augustnorge.no

Lenes Bakeri & Catering


Koldtbord m/hjemmebakt ass. brød pr. kuvert **kr. 175,-**
Luxusnitter **kr. 18,-**
Hvit dame 15 personer..... **kr. 300,-**

Gratis tilkjøring
Bestilling på tlf. 56 33 44 10 / 56 33 33 10



BYGGESELSKAPET A/S

5357 FJELL
Tlf. 56 33 09 60 – Mob. 905 70 203
Fax. 56 32 08 75



-din el-kontakt

VESTGAR ELEKTRO

Westland Elektro AS har fusjonert med Vestgar Elektro AS

Møllestykket 21, 5360 Kolltveit
T: 400 30 210 • E-post: post@vestgarelektro.no • www.vestgarelektro.no

- Snitter
- Koldtbord
- Varm mat
- Overtidsmat
- Kaker

Tlf. 56 33 11 50



Royal
Cateringservice as

Annonse plass?

Fjell Kyrkjeblad kjem i postkassa til alle i Fjell kommune 6 gonger i året.

Dersom du vil nå breitt ut, kan vi hjelpa deg med annonseplass.

Ta kontakt for et tilbud.
Tlf 55097440 eller e-post: post.kyrkja@fjell.kommune.no



Leirstedet til Midthordland Indremisjon



- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling - Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til små og store anledninger - Bursdagsarrangement

Tlf. 56 31 04 40
Fjell-ly leirsted
Møvikvn.193, 5357 FJELL. www.fjell-ly.no

Gravferdsannonser

Sotra Omegn

BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen



Ditt begravesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 2, 5353 Straume
(samme hus som Vest-Nytt 2. etg.)

Bergen Omegn

BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv






Knut Helge Polden Espen Polden Tom Wilson Heine Polden

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
Sortor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Bjorgvin

BEGRAVELSESBYRÅ **Døgnavkt 55 20 23 00**
www.bjorgvin-b.no

Seremoni etter pårørendes ønsker, med omtanke og verdighet.

Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet
E-post: post@solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet



Besøksadresse: Tytebærbrekko 2, Straume

Sentralbord: 55 09 74 40

Epost: post.kyrkja@fjell.kommune.no

VESTHORDLAND PROSTIKONTOR

Prost: Erling Kopperud, 55 09 74 42, m. 90 85 89 39

epost: erling.kopperud@fjell.kommune.no

Prostiprest: Helge Unneland 911 23 612

Prosteseekretær: Ingrid H. Johansen 55 09 74 43

FJELL KYRKJEKONTOR

For kontakt med prest i Fjell:

kvardagar frå kl 09.00-15.00 – 55 09 74 40

elles ring beredskapstelefon i prostiet: 95 48 36 55

ADMINISTRASJON

Kyrkjeverje: Annlaug Børve 55 09 74 48,

epost: annlaug.borve@fjell.kommune.no

Ass. kyrkjeverje: Borghild Hustad Berge

55 09 74 45, m. 99 70 69 42

epost: borghild.berge@fjell.kommune.no

Kontorsekretær: Anne-Kari Vik 55 09 74 57

epost: anne-kari.vik@fjell.kommune.no

Kyrkjelydssekretær: Line Steinsland Mosnes

epost: line.mosnes@fjell.kommune.no

Kontorlærling: Birgitte Skjoldal

epost: birgitte.skjoldal@fjell.kommune.no

PRESTAR

Sokneprest i Fjell: Terje Aannerød 55 09 74 51

epost: terje.aannerod@fjell.kommune.no

Sokneprest i Landro: Bjarte Nese 55 09 74 52

epost: bjarte.nese@fjell.kommune.no

Sokneprest i Foldnes: Petter A. Ekerhovd-Ottersen

55 09 74 46 epost: petter.eo@fjell.kommune.no

Ungdomsprest: Maria Tveten 55 09 74 60

DIAKONI

Soknediakon: Torbjørn Fjøren 55 09 74 47, m. 922 95 377

epost: torbjorn.fjoren@fjell.kommune.no

Ungdomsdiakon: Basecam 55 09 74 58

- Nils Ivar Honningdal m. 99 46 88 70

BARN OG UNGDOM

Kateket: Mildred Fjøren Heggernes 55 09 74 49

epost: mildred.heggernes@fjell.kommune.no

Kyrkjelydsped./ t-teamsleiar: Kari Burke-Romarheim

55 09 74 61 / kari.burke-romarheim@fjell.kommune.no

Kyrkjelydsped./ t-team: Søgne Lillevik Nilsen

Kateket / t-team: Elisabeth Møll Jung

Kyrkje/skule/barnehagesamarbeid:

Rannveig Vestbøstad Vik rannveig.vik@fjell.kommune.no

Kyrkjelydspedagog/konfirmantleiar: Beate Sørhus

55 09 74 63 / beate.sorhus@fjell.kommune.no

Kyrkjelydspedagog: Håkon Syrstadeng 55 09 74 66

Ungdomsarbeidar: Eirik Austeng 55 09 74 54

Kyrkjelydsarbeidar: Eivind Kausland Lie 55 09 74 54

KYRKJEMUSIKK

Kantor: Olav Sørheim 56 33 25 01

epost: olav.sorheim@fjell.kommune.no

Organist i Foldnes: Aasmund Brekke 56 32 41 90

Organist i alle tre kyrkjene: Tormod Rebnord

Kantor i Landro: Eline Olsen m. 90 60 53 32

DRIFT

Driftsleiar: Norvald Snekkevik 55 09 74 55, m.930 70 741

epost: norvald.snekevik@fjell.kommune.no

Kyrkjegardsarb.: Torstein Vassnes 40 84 50 17

Kyrkjegardsarb.: Lorentz Andreas Skumnes 90 07 21 29

Kyrkjegardsarb.: Vegard Lynglund

Kyrkjetenarar i Fjell: 56 33 25 01 Ingals A. Malmo,

Janne Lin Fjeld Andersen

Kyrkjetenarar i Foldnes: 56 32 41 90 Ellen Ebbesvik,

Olav Arne Myskja

Kyrkjetenarar i Landro: 55 09 74 43 Ingrid H.Johansen,

Vegard Lynglund

SOKNERÅDSLEIARANE

Fjell sokneråd: Anne Elisabeth Møvik Hornnes,

aehorne@online.no

Foldnes sokneråd: Magne Supphellen

magne.supphellen@nhh.no

Landro sokneråd: Tove Karin Lyngsmo Angelveit

tove.angelveit@hotmail.com

www.kyrkja.no/fjell www.t-dagen.no

Kontakt med prest i Fjell

Ved behov for teneste frå prest, som ikkje kan vente (til dømes dødsbod, soknebod for døyande, sjelesorg/ støtte i kritiske situasjonar), skal ein ta kontakt med på dagtid: **tlf. 55 09 74 40**

Beredskapstelefon i prostiet

I tidsrommet kl 17.00-08.00 på kvardagar og i helgane/høgtidene frå kl. 08.00 er det alltid ein prest i beredskap i prostiet.

Vakthavande prest på telefon: **m. 95 48 36 55**

Sjelesorg og samtale

Vi har alle teleplikt, så det som vert fortald oss kjem ikkje vidare. Du kan difor med frimod ta kontakt med nokon av oss på eit av desse telefonnummera:

Sokneprest Terje Aannerød	tlf. 55 09 74 51 (a)
Sokneprest Bjarte Nese	tlf. 55 09 74 52 (a)
Sokneprest Petter A. Ekerhovd-Ottersen	tlf. 55 09 74 46 (a)
Ungdomsprest Maria Tveten	tlf. 55 09 74 56 (a)
Soknediakon Torbjørn Fjøren	tlf. 55 09 74 47, m. 92 29 53 77
Ungdomsdiakon Nils Ivar Honningdal	tlf. 55 09 74 58, m. 99 46 88 70

TRENG DU NOKON Å SNAPPE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde. Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40

SOS
MELDING

SOS
CHAT

KIRKENS
SOS

T1

www.t-dagen.no

T1-dag med

aby Song

Velkomen til babysong, lunsj og fellesskap ein eller fleire av desse måndagane!

- 5/12: Fjell • 23/1: Foldnes
- 20/2: Landro • 27/3: Fjell
- 24/4: Foldnes • 29/5: Landro
- 12/6: Fjell

Påmelding: www.t-dagen.no
eller www.kyrkja.no/fjell
Telefon: 55 09 74 62



Ny i Fjell kommune?

Her er nokre av samlingane og aktivitetane du kan bli med på i kyrkjene i Fjell kommune. Du er hjarteleg velkommen!

Foldnes kyrkje

Gudsteneste - dei fleste søndagar kl. 11:00.

Søndagsskule - under gudsteneste, når det ikkje er familiegudsteneste. Kontakt: Maria Wergeland 92 40 88 05

Bibel, bønn og lovsang - siste søndag kvar månad kl. 18:30. Kontakt: Petter Ekerhovd-Ottersen 97 67 97 56

RAMP - annankvar tysdag, kl. 19.30. Inspirerende temakvelder med husband og kaffe! Kontakt: Janne Mo; mojanne1@gmail.com

Treff - i kyrkjelydssalen første onsdag pr. mnd. kl. 11.30-14.00. Varm mat, undervisning og fellesskap. Kontakt: Ellen Ebbesvik 56 32 41 90

Lukas Tensing - måndagar frå kl. 18:30 i kyrkjerommet. For deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Maria Tveten 55 09 74 60

Ungdomslurdag - i Vestfløyen frå kl. 19.00 og utover, for deg som går i 9. klasse og oppover. Kontakt: Maria Tveten 55 09 74 60

Mannsgruppa - kyrkjelydssalen ein torsdag i månaden. Kontakt: Bjørn Andersen 908 92 950

Basardamene - Foldnes kyrkje. Kontakt: Torill Kvalheim, tlf 90 79 92 22

Fjell kyrkje

Gudsteneste - dei fleste søndagar kl. 11.00

Søndagsskule - under gudsteneste, når det ikkje er familiegudsteneste. Kontakt: Torun Svennevik, tlf. 97 67 11 61

Retreatkveldar - ein onsdag i månaden kl. 20.00. Tekstlesing, musikk og enkel kveldsbøn. Kontakt: Terje Aannerød 55 09 74 51

Tweensklubben - i Fjell kyrkje fredagar kl. 19.00 – 21.00. For deg som går i 5. klasse og oppover. Kontakt: Maria Tveten 55 09 74 60

Familiekrik - laurdagar kl. 15.30 på Bildøy bibelskole. Sjå Facebook: Familie Krik Bildøy, eller kontakt: Søgne Nilsen 97546646

Vokalensemblat Sotra reviderte - for alle som vil syngje a-capellakor, tysdagar kl. 19-21.30. Kontakt: Jarle Hauge 482 84 287

Fjell kyrkjebrass - om du spelar brassinstrument. Annankvar torsdag på oddetallsveker kl. 20.-21.30. Kontakt: Olav Sørheim 926 15 988

Fjell barnekor - annankvar tysdag (oddetallsveke), kl. 17.30-18.30 (4 år til 4. klasse). Det er sang, litt hobby og en liten lett kvelds. Kontakt: Olav Sørheim 926 15 988 evt. Kari Mortensen 411 22 323

Landro kyrkje

Gudsteneste - dei fleste søndagar, kl. 11:00.

Onsdagsmøte - i kyrkjelydssalen kl. 19.30, kvar 14. dag. Tale, lovsong og sosialt samvere. Kontakt: Torbjørn Fjøren 55 09 74 47

Taco-fredag - ein gong pr. mnd. i kyrkjelydssalen kl. 17.-19. For heile familien! Kontakt: Bjarte Nese 55 09 74 52.

Nordre Fjell Barnekor - for deg som går i 1.-4. klasse, kl. 17.30-18.40 kvar tysdag. Kontakt: Eline Olsen 906 05 332

Nordre Fjell Tweenskor - for deg som går i 5.-8. klasse, kl. 18.40-19.35 kvar tysdag. Kontakt: Eline Olsen 906 05 332

Treff i Landro - i kyrkjelydssalen siste onsdag i månaden kl. 11.30-14.00 Fellesskap, mat, undervisning og song. Kont: Ellen Ebbesvik 56 32 41 90

Landroklubben - i kjelleren i Landro kyrkje annankvar fredag kl. 18.30 til 22.30. Frå 8. klasse og oppover. Kontakt: Bjarte Nese 55 09 74 52

Tweensklubb - i Landro kyrkje, annankvar tysdag kl. 17.30 til 18.30. 5.-7. klasse. Kontakt: Bjarte Nese 55 09 74 52.

For meir info og e-postadresser, gå inn på kyrkja.no/fjell


BARNEKRYSSORD

VANNRETT:

1. Svar
3. Daniel Fjell
5. Flokkdyr
7. Finsk guttenavn
8. Pusser
9. Spørre
10. By i Hellas
12. Moderne
13. Utvekst
16. Norsk forfatter
17. Gutte-
navn

LODDRETT:

1. Får vi julaften
2. Ventetid
4. Bruke fritiden
5. Uvel
6. Fører en båt
9. Kjøretøy
11. Askeladdens bror
14. Bindeord
15. Tall



Bli med i trekninga av ein stor valfri PEPPES PIZZA! Send inn kryssord til Fjell kyrkjekontor, PB 184, 5342 Straume.
Merk konvolutt: «Kryssord»



Vinnar av Barnekryssord
i nr. 5-2016:
Linnea Misje
Krakhaugen 19
5366 Misje

Namn:.....

Adresse:.....

.....